

Desse møte:

Kristine Åsbø (8. trinn)
Signy Refsnes (9. trinn)
Jan Gunnar Mattingsdal (9. trinn)
Stig Hobberstad (10. trinn)
Jacob Z Grastveit (skulen)

Forfall:

Hege Salte (8. trinn)
Marie Kvia Halsne (8. trinn)
Ellen Marie Stokka (10. trinn)

**Referat frå FAU møte 7.mai 2024 klokka 19.30
på Tryggheim ungdomsskule.**

**07/24 Godkjenning av innkalling og saksliste
OK**

08/24 Godkjenning av referatet frå møtet 06.02.2024
03/24 – Skulen har vore kommunikasjonskanal. Burde ligge på kommunen, ikkje på FAU og skulen.

OK

09/24 Orienteringar frå skulen

Organisering ved fråvær av leiar

- Etter påske har Tron-Arild vore i permisjon, og skal vere det ut skuleåret 23/24. Kristin Dyngeland, assisterande leiar samt avdelingsleiar 9. trinn, fungerer som leiar. Kabal som må gå opp – men godt samarbeid og godt personale som trår til gjer at dette har gått greitt.

Ny opplæringslov og privatskulelov

I august 2024 trer det i kraft ein ny opplæringslov. Nokre få punkt som påverkar oss umiddelbart er:

- Skulereglement blir omdøyppt *Skulereglar*
 - o Begrepet sanksjonar blir byta med *tiltak*
 - o Ein prøver no å leggje seg på et nivå der ein stort sett endrar formalitetar (omgrep og tilvising til paragrafar) – og ikkje så mykje på innhald.
- «Spesialundervisning» i ny opplæringslov blir delt inn i tre kategoriar:

- Individuelt tilrettelagd opplæring
- Personleg assistanse
- Fysisk tilrettelegging
- Det er ikkje enda avklart kven som skal skrive vedtak for PA og FT. Har elevar behov for ITO er det PPT som skriv sakkunnig og kommunen som skriv vedtak.

KI i skulen

Kunstig intelligens er noko som verkeleg fargar skulearbeid.

Tryggheim kjem til å bruke tid på å lære om korleis ein kan bruke KI som eit verktøy og korleis me kan lære elevane å bruke det på ein god måte. I dag er det nok mange av elevane som bruker det «feil».

- KI som ein finn på nett har ofte 18 års grense (stort sett knytt til personvern). Tryggheim har ein eigen KI. Eit verktøy som ein må setje seg inn i for å kunne bruke rett.
- Personalet skal få opplæring i god bruk av KI, kva det kan brukast til og kva det ikkje kan/bør brukast til.
- Udir har laga «råd om KI i skulen»

Mangel på framandspråklærarar

På grunn av mangel på lærer i spansk blir det berre ein klasse på nye 8. trinn. Kjedeleg – men naudsynt. I tillegg tilbyr me tysk, matte 2 og arbeidslivsfag.

Nye valfag

Dette skuleåret tilbyr me nye valfag. Uthald, elevbedrift og «School play».

Besøk av kommunen

Februar var det besøk frå kommunen. Me fekk presentert skulen og fekk god prat med kommuneleiinga. Et godt og positivt møte.

10/24

Valordning FAU

FAU har ansvar for å finne nye kandidatar til FAU klart før foreldremøte i september.

10. trinn: Ein representant for eit år + ein vara for eit år.

9. trinn: Ein representant for to år + ein vara for eit år.

11/24

Eventuelt

Sosialt i klassane, ved føresette

Skulen gjer allereie ein innsats i å lage godt klassemiljø. FAU var samstemt om at dette kunne vore forsterka viss føresette også var med på utvide dei sosiale horisontane til ungdommane. Korleis dette vil sjå ut veit man ikkje før man har prøvd ut. FAU presenterer nokre tankar på foreldremøte:

- Måndag 2.september 18.30 – 21.30. Foreldremøte 10.trinn

- Tysdag 3.september 18.30 – 21.30. Foreldremøte 9.trinn
- Onsdag 4.september 18.30 – 21.30. Foreldremøte 8.trinn

Tankar frå idémýldring:

- Innspel om kva FAU kan vere med å gjere sosialt på trinna.
 - Føresette kan invitere i mindre grupper heime.
 - Kanskje kalle det «teambuilding»?
 - Ein gong i halvåret inviterer/kaller FAU inn til teambuilding for klassen. Ein deler inn i grupper og har aktivitetar anten på skulens område eller ein anna plass.

Informasjon på foreldremøta (i klassen)

- Selskap og fester – korleis gjer me det?
 - FAU ønskjer at det tas opp korleis ein gjer med selskap og fester i klassen.

Referent:

Jacob Z Grastveit

Avdelingsleiar Tryggheim Ungdomsskule

Kopi:

Marie Kvia Halsne 8.trinn

Jonas Egeland Reime, vara 9.trinn

Anne Birgitte Lillebø Bø, vara 10.trinn

Varamennene blir kun kalla inn ved fråvær
frå ein av dei faste medlemmane